

Rettleiing og reglar for foto

Innhald

Reglement s. 2

Rettleiing

1	Om redigering av fotofil	s. 3
2	Endring av fysisk storleik	s. 4
3	Sjekk kor tung fila er	s. 6
4	Lagre med filnamn som ordet	s. 7
5	Opplasting til nettsida	s. 7-
6	Foto i tilleggsinformasjonsfeltet	s. 9-
7	Bruk av foto med open CC-lisens	s. 11-
8	Kreditering med CC-lisens	s. 12
9	Korleis finne foto med CC-lisens?	s. 13

Reglement for bruk av foto og andre åndsverk på Numedalsmål

1. Fotografi eller anna digitalisert åndsverk kan berre lastast opp på Numedalsmål dersom det kjem inn under eitt av punkta under. (Det er irrelevant kven som eig det fysiske fotoet/verket – det saka handlar om her er kven som har opphavsretten til fotografiet / kunstverket, altså han som har skapt verket).
 - a) verket er skapt av deg sjølv
 - b) du har skriftleg tillating til å offentliggjere det på nettet av fotografen/kunstnaren
 - c) det er frigjeve i høve til ein open lisens (til dømes Creative Commons)
 - d) det er falle i det fri.
2. Skriftlege tillatingar skal sendast til skrivaren som syter for arkivering av desse.
3. Den som har lagt ut eit bilete utan tillating vert personleg pliktig til å betale evt. erstatningskrav.
4. I følge åndsverkslova har eldre foto ”falle i det fri” når det er 70 år etter at fotografen døde og kan brukast fritt, sjølv om fotografnamnet likevel skal oppgjevast. Fotografen / rettshavarane kan dessutan sjølv ha gjeve fotoet i det fri. (I tillegg gjeld det egne reglar for foto utan ”verkshøgde”).
5. Berre bruk foto av god kvalitet.
6. Ikkje bruk alt for tunge fotofiler. Det gjer at fotoet kan bruke lang tid på å koma fram når publikum opnar sida.
7. Fotograf/kunstnar skal alltid krediterast – i hovudsak med fullt namn. Når fotografen er deg sjølv eller ein du har ein avtale med gjeld punkt A under. Dersom fotografiet har open lisens til dømes gjennom Creative Commons gjeld punkt B under i staden.

A. Når fotografen er deg sjølv eller ein du har ein avtale med gjeld dette:

- I. Fotograf/kunstnar skal krediterast med fullt namn, t.d. ”Foto: Ola Olsson”. Dersom fotografen sjølv insisterar på å vera anonym kan initialar brukast (”Foto: B.O.H.”)
- II. Dersom det ikkje er eit foto, men til dømes ei teikning, skriv: ”Teikning: Gunhild Torsrud”.
- III. Dersom det er naudsynt med informasjon om kva fotoet er av – kan ein t.d. skrive: ”Utsyn over Paradisgrendi. Foto: Bjørn Ole Hovda”
- IV. For gamle bilete der fotografnamnet er umogleg å vite, skriv ”Foto: ukjent”.

eller

B. Dersom fotografiet har open lisens til dømes gjennom Creative Commons så skal retningslinene for kreditering i punkt 8 (s.12) i rettleiinga følgjast. Dette skal skrivast i tilleggsinformasjonsfeltet og ser slik ut:

[Foto](#) til høgre: Lars Larsson / [CC BY](#)

8. Sjå òg rettleiinga (resten av dokumentet).

1.1 Om redigering av fotofil


Ein kan ikkje redigere/endre biletet etter at det er lasta opp på Numedalsmål. Det må du altså gjera fyrst.

Fotoredigeringsprogrammet Paint følger med Windows. Våre tips her tek utgangspunkt i dette, men det finst òg andre program du kan bruke.

(Tips: Om du held musepila over ei fotofil/-ikon så kjem alle opplysningane om fotoet opp. Sjå pil A under).


1.2

Høgreklikk på biletet og trykk på 'Rediger' eller 'Edit'. Normalt sett vil Windows då opne fotoet i programmet Paint. (Sjå Pil B under).



2.1 Endring av fysisk storleik på fotoet

Trykk her på 'Endre størrelse' / 'Resize' for å endre fysisk storleik på fotoet.




2.2

Det er viktig at du sjekkar at det er valt 'Behold størrelsesforhold' / 'Maintain aspect ratio'.

Den fysiske storleiken kan du deretter regulere ved å endre prosenten i det øvste feltet. Trykk enter.

Lagre.




3.

Sjekk kor tung fotofila er. Det ser du her.

Hovudfotoa på einskildsordsida bør vera på om lag minst 100 Kb.

Små foto til bruk i tilleggsinformasjonsfeltet kan vera mindre.

Det er ein føremon om ikkje fotoet er alt for tungt for då kan nettsida verta treig, men er det for lett så kan det verta uskarpt og kornete.



4.

Lagre gjerne fotofila med det same dialektordet som det skal brukast til, t.d. ”mjølkerinje”.

Om du skal leggje inn fleire foto på det same ordet – legg til eit tal etter ordet, t.d.

”mjølkerinje1” osv.

5. Opplasting av foto til nettsida

5.1

Gå inn på arbeidssida, gå inn på ordet du vil legge biletet til. Trykk 'Legg til fil' under 'Foto'.


Du får då opp vindauget under.

Trykk 'Last opp filer' og vel det fotoet du ynskjer å leggje ut. Dobbeltklikk eller trykk 'Open'/'Åpne'.

Normalt vil fotofila leggje seg øvst i lista under dersom du har valt at filar skal sorterst etter 'Dato lastet opp'. Du kan velje dette her. (Viss ikkje kan du søkje opp ordet i søkjefeltet).

Trykk på 'Velg'.

NB! Hugs å følgje reglane, og ikkje laste opp foto som du ikkje har teke sjølv eller som du ikkje har fått tillating frå fotografen til å bruke. Då kan Mållaget verta erstatningspliktig!



5.2

Du må no leggje til tittel og namn på fotograf / kunstnar.


Korleis du skriv vil variere med kva rett du har til fotoet:

- Dersom fotoet er henta på nettet med open Creative Commons-lisens gjer du **ikkje** som under i punkt 5.2 , men krediterer som i punkt 8.
- Dersom det er eit foto du har teke sjølv eller nokon du har ei avtale med gjer du som under.

Dobbeltklikk på fotofila. Då opnar vindauget under. Filnamnet treng du ikkje gjera noko med.

1. Ved 'Tittel' skriv normalt inn dialektordet, eller ved trong meir tekst - til dømes "Ystingskøpp i bruk på setra Haugeskrøppen".
2. Ved 'Fotokreditt' skriv du inn det fulle namnet på fotografen / kunstnaren, t.d. Ola Olsson. I dette feltet skal du ikkje skrive inn "Foto:", for det kjem her automatisk fram på publikumssida. (Sjå elles tilleggsreglement for foto).

Trykk 'Lagre', og trykk til sist 'Lagre' på dialektordsida.



5.3

Fotoet du har lagra etter framgangsmåten over kjem fram som hovudfoto på einskildsordsida (publikumssida) som på skjermbiletet under. Det kan berre vera eitt hovudfoto for kvart dialektord.

Numedalsmål
Ordbok
På dialekt
Om dialektane
Leik og lær
Om oss

silingsbaLe
lagga trekopp til å samle myse i

EINTAL UBUNDE	EINTAL BUNDE	FLEIRTAL UBUNDE	FLEIRTAL BUNDE
-baLe	-baLe	-baLur	-baLun

Bruksdøme
Ostekjuven vart lakt oppå silingsbaLa som ett stativ.

Sjå óg

- ysstingsbaLe (Veggli)
- ostekjuv (Veggli)
- ysstingsøll (Veggli)

Lytt til lydfil

Tekst til biletet: SilingsbaLe
Foto: G.L.T.

6.1

I tillegg til (eller i staden for) hovudfotoet er det mogleg å leggje inn eitt eller fleire foto i tilleggsinformasjonsfeltet.

Numedalsmål
Ordbok
På dialekt
Om dialektane
Leik og lær
Om oss

silingskLut
silefilt

EINTAL UBUNDE	EINTAL BUNDE	FLEIRTAL UBUNDE	FLEIRTAL BUNDE
-kLut	-kLut'n	-kLutar	-kLutan

Bruksdøme
SilingskLuten la ho oppi sil'n før ho sila mjøLkje.

Tilleggsinformasjon

Strikka silingsklut laga av hår frå kurova. Foto: Gunvald Bakkejordet.

Mjølkesiling ved hjelp av "Mjølkerinje", sil med silingsklut og "silingsbaLe". Foto: Ukjent.

Sjå óg

Fotoa kan stå her i lag med tekst/kreditering. Sjå framgangsmåten på neste side.

6.2

Trykk på 'Image' under 'Tilleggsinformasjon'. Last opp og vel foto slik som ved hovudfoto over (punkt 5.1).

Viktig: Når ein legg inn foto i tilleggsinformasjonsfeltet så må ein alltid skrive inn fototeksten under fotoet sjølv. Av og til skal òg hovudfotoet krediterast her.

Korleis du skal kreditere vil variere med kva rett du har til fotoet:


A) Dersom det er eit foto du har teke sjølv eller nokon du har ei avtale med: Skriv manuelt rett under biletet slik som dette: ”Dritkvaukåtu. Foto: Gånnår Gånnårson”

B) Dersom fotoet er henta på nettet med open Creative Commons-lisens skriv du kreditering som i punkt 8.

Uansett tilfelle A eller B:

Lat fototeksten stå på ei eiga line for seg sjølv.

Lag gjerne mellomrom mellom fotoa (dersom du skal setje inn fleire foto i tilleggsinformasjonsfeltet).



7 Korleis bruke foto med Creative Commons (CC) lisens?

Frå Wikipedia: ”Creative Commons er ein organisasjon som har som mål å gjera det enklare å spreia kultur ved å gjera fleire litterære og kunstnariske verk lovleg tilgjengelege for kopiering og endring. [...] Organisasjonen har mellom anna stått for utviklinga av ei rekke lisensar som ein opphavsrettshaldar kan bruka til å avgrensa opphavsretten sin så mykje han vil. Lisensane er formulerte på eit enkelt språk og markerte med logoar med peikarar til ein meir detaljert omtale.”

CC er ein framifrå måte å kunne bruke foto og andre åndsverk som opphavsmannen har vald å gjera tilgjengeleg for allmenta - meir eller mindre fritt. For å kunne bruke desse fotoa er det viktig at kreditteringa (referansa) vert skrive rett. Utan at denne er rett vil det vera ulovleg å bruka fotoet.

7. 1 Ulike CC-lisensar basert på ulike vilkår

Dei seks ulike lisensane til CC byggjer på fire ulike vilkår som vert kombinerte på ulike vis. Ikkje alle vilkåra gjeld difor alltid. Sjå under.

- a. Krav om at namnet på opphavsmannen skal oppgjevast. Dette vilkåret er felles for alle dei seks CC-lisensane.
- b. Berre ikkje-kommersiell bruk. Dette vilkåret tyder at det berre er gitt tillating til ikkje-kommersiell bruk, mens lisenstakar sjølv held på retten til å utnytte materialet kommersielt. Dette vilkåret finst i tre av dei seks CC-lisensane.
- c. Forbod mot bearbeiding. Dette vilkåret tyder at lisenstakar berre fær tillating til å tilgjengeleggjere det lisensierte materialet i opphavleg form, men ikkje tillating til å tilgjengeleggjere endra utgåver av det. Dette vilkåret finst i to av dei seks CC-lisensane.
- d. Krav til at det lisensierte materialet skal delast på same vilkår. Dette kravet til gjensidigheit inneber at dersom endra utgåver av det lisensierte materialet vert gjort tilgjengeleg for allmenta, må mottakar gjevast same tillating til å bruke den endra utgåva på same vilkår som den opphavlege CC-lisensen. Dette vilkåret finst i to av dei seks CC-lisensane.

7.2 Dei seks ulike lisensane med dei kodane som vert nytta

- 1) Krav om namngjeving.....CC BY
- 2) Namngjeving + Del på same vilkår.....CC BY-SA
- 3) Namngjeving + Inga bearbeiding.....CC BY-ND
- 4) Namngjeving + Ikkje-kommersiell.....CC BY-NC
- 5) Namngjeving + Ikkje-kommersiell + Del på same vilkår.....CC BY-NC-SA
- 6) Namngjeving + Ikkje-kommersiell + Inga bearbeiding.....CC BY-NC-ND

På Numedalsmål kan me bruke foto med alle desse ulike CC-lisensane, men det er viktig at me hugsar på at foto med koden 'ND' gjev forbod mot all endring av fotoet. Det er altså til dømes ikkje lov til å endre storleiken når fotoet har denne lisensen.

8 Slik kreditterer du med CC-lisens

Når me nyttar eit foto under CC-lisens så er det naudsynt å nytte tilleggsinformasjonsfeltet til å skrive kreditteringa i – sjølv for kreditteringa for hovudbiletet som stend ved sida. Dette må me gjera fordi det er naudsynt å leggje inn lenkar og det fær me berre gjort i tilleggsinformasjonsfeltet. (Blå skrift under symboliserer at det skal leggjast inn lenke).

Dersom kreditteringa er til hovudfotoet så skriv slik nederst i tilleggsinformasjonsfeltet:

Foto til høgre: Lars Larsson / CC BY

Dersom kreditteringa er til eit foto som stend i tilleggsinformasjonsfeltet skriv slik rett under fotoet:

Foto: Lars Larsson / CC BY-NC-SA (Storleiken endra)

'Foto' skal lenkast til fotoet på nettet som du har nytta.


Namnet på fotografen. Om du ikkje inn namnet på fotografen så bruk brukarnamnet eller pseudonymet som står

Den aktuelle lisenskoden skal det lenkast til sida der Creative Commons presenterar just denne lisensen.

Er det gjort endringar med fotoet må dette oppgjevast.

Slik set du inn lenke i tilleggsinformasjonsfeltet:

- 1) Merk ordet du vil lenke med markøren (bruk musa).
- 2) Trykk på 'Link' og på 'Insert link'.
- 3) Lim inn internettadressa du vil lenke til i feltet 'URL'
- 4) Trykk på 'Insert' og lagre deretter ordet.



9 Korleis finn eg foto som er heilt eller delvis frigjevne med CC-lisens?

Døme:

- Digitalt museum:
Trykk på 'Meny', så 'Søk' og deretter 'Avansert søk'. Under 'Lisens' vel 'Alle åpne lisenser'. Då kan du søkje og få fram foto som kan nyttast.
- Wikimedia commons:
Alle foto her har open lisens, men du må sjølvsagt kreditere likevel.
- Flickr:
Bruk nettadressa <https://www.flickr.com/commons>